


Syver Svare,  
Hårråbeitet 6,  
7300 Orkanger.

Orkdal 19.03.04.



Det kgl. Kyrkje- og Kulturdepartementet,  
Postboks 8030 Dep.,  
0030 Oslo.

### Evaluering av ny stadnamnlov.

I fyrste høyringsrunden hadde eg den ære og glede å få vera med å forme svaret på vegne av Orkdal kommune.

For eit par dagar sidan fekk eg tilfeldigvis høyre at det nye lovframlegget var sendt ut på ny høyring.

Eg tok kontakt med kommunen og forstod det slik at dei ikkje var interesserte i noko samarbeid denne gongen, men eg fekk ein kopi av dokumentet dei hadde fått tilsendt.

Eg har lese gjennom dokumentet 3 gonger - - roleg og reflektert. Eg har gledd meg over det eg tykkjer er positivt, og det som ikkje er positivt, har kalla fram negative emosjonar - - meir sorg enn sinne. "I ettertankens ljós", seier vi, og med det meiner vi at ting og hendingar som i fyrste omgang virka kontroversielle, etter kvart kan virke rimelege og akseptable. Men det har ikkje gått slik her: Det eg oppfattar som negativt, har vorte meir og meir dominerande, og totalinntrykket mitt nå er temmeleg svart. Det nye lovforslaget, om det blir vedteki, vil gje mindre vern av namneskatten vår enn både dei to kongelege resolusjonane og stadnamnlova av 1990. De skriv ein stad i innleiinga i dette dokumentet at eitt av føremåla med lovframlegget er å skapa mindre strid ved behandlinga av namnesakene. Eg spår at vi kjem til at vi får meir strid

Ingen har spurt meg om mi meining og bedi meg ta del i evalueringa. Men dette gjeld nasjonale verdiar som for meg er heilt vesentlege, og eg tykkjer eg har både rett og plikt til å få seia fram meiningane mine. Eg kjem berre til å ta fram nokre få punkt i det nye lovframlegget, - - det som eg oppfattar som det mest vesentlege. Det gjeld § 2, bokstav d), § 4, § 10, 1. leddet og kanskje § 12.

Fyrst til § 4, 1. leddet:

De foreslår å fjerne "den nedervde uttalen" og i staden bruke "den lokale uttalen av namnet". Det er uheldig, det er farleg, ja her kjenner eg trong til å bruke eit forsterkingsord som i og for seg er meiningslaust: Det er livsfarleg!

"Nedervd uttale" og "nedervd stadnamn" tykkjer eg er mest genialt påkome; - - fordi det er presist dekkjande for realitetane og fordi det ikkje kan mistydast og mistolkast. Alle med litt filologisk kunnskap veit at det er desse namneformene som er dei mest verdifulle. Dersom vi kjenner språkutviklinga dei siste 1000 åra, så kan vi med små justeringar av namnet lett koma

attente til dei eldste tidene da namnet vart laga, ofte til norrøn tid, ja enda lengre attende. Dette er ei verdfull kjelde for å forstå korleis landet vart bygt, om språkutviklinga vår osv.. Ja, eg er overtydd om at mange stadnamn skriv seg attende til den førgermanske tida. Dei nedervde stadnamna må behandlast med stor pietet. Her ligg ein verdfull skatt! Den nedervde uttalen er framleis like levande i heile landet fordi busetnaden hittil har vore så stabil.

”Den lokale talemålsforma av namnet”, kva er det? Jau, stort sett er dette synonymt med den nedervde uttalen, men ikkje alltid. I høyringsnotatet frå Orkdal kommune kom vi med eit målande eksempel, og det blir eg nødt til å ta opp att nå i dag, fordi det er så illustrerande:

Talemålet i Trondheim by skil seg frå talemålet i omgjevande bygder og har gjort det så lenge vi har kjelder å vise til. Trondheismålet liknar meir på fosenmålet, cfr. arbeida til Arnold Dalen, medan talemålet på Strinda, Tiller, Leinstrand og Byneset har mest slektskap med talemåla i nedre Gauldal og nedre Orkladalen, dvs. det er solide, vakre, sterke og regel-faste språk med for eksempel restar etter genetivformer i mange samansette stadnamn.

Da eg begynte å kjøre legevakter i Trondheim for snart 50 år sidan, vart eg overraska og glad, for dette var da eit fint og absolutt norsk målføre. Men siste mannsalderen har det skjedd mest som ei rasering av trondheismålet, og på meg virkar det som alt held på å gå i oppløysing. M.a. er talemålet nå svært påverka av (det dansk-norske) skriftspråket.

I 1860 vart Trondheim slegi saman med 4 nabokommunar. Da var mest all byggegrunn i Trondheim oppbrukt, og mest all seinare ekspansjon har skjedd i desse tidlegare nabokommunane. Derfor har det kome nye tettstader eller bydelar langt frå det gamle bykjerna. Dette gjeld fyrst og fremst det gamle Strinda. Og alle lokalitetane hadde sine namn, forma av dei som budde der, - - altså nedervde namn.

Så blir desse nye bydelane invaderte av nye folk, mest trondheimsfolk som tek med seg språkskikkane sine, og resultatet blir at nedervde namn og nemne blir forvrengde og forandra. Væres-sletta blir til Væresletta for eksempel.

Kommunen må nå gje namn til vegar, haldeplassar og andre objekt, men dei som bestemmer her, har same språkvanene som dei nye innflyttarane og dei veit knapt om dei nedervde stadnamna. Og så blir det nye namn som bryt heilt med den gamle namneskikken. Men i fyrste omgang blir det heldigvis stoppa av Namnekonulent-tenesta i Midt-Noreg.

Dette skjedde for eit par år sidan. Handlemåten åt stadnamnkonulentane skapa nærmast ein raseristorm med Adresseavisen aller fremst i hylekoret. Korleis det gjekk, veit eg ikkje. Dette gjer meg så vondt at eg berre må prøve å distansere meg frå det.

Dei nye innbyggjarane utgjer eit stort fleirtal i forhold til dei gamle strindingane som framleis bur i området. Likevel meiner eg at det er dei nedervde namneformene som burde liggje til grunn for dagens namngjeving. Og nå spør eg dokk lovmakarar, kva meiner dokk? Har de same mening som eg, så ser de at dokk er ute på farlege vegar med dette endringsforslaget.

I same § 4 og same leddet står det og noko anna som eg reagerer sterkt på, at ”skrivemåten skal fylgje rettskrivingsprinsippa i norsk”. Dette vil rasere ein stor del av namneskatten vår. Dette går da ikkje an! - - - Det kan hende eg ikkje forstår kva de meiner, men da veit eg også at det vil gjelde for mest alle som les denne kovparagrafen.

Kva med jamvektssorda som vi etter mitt skjønn finn over storparten av Austlandet, i Trøndelag, på Nord-Møre og i delar av Nord-Noreg? Kva med vokalrikdommen i jamvektssorda? Det er denne som gjev namna karakter, gjer dei sterke og estetisk høgverdige. Det vil bli trist for syn og øyra om desse jamvektssorda skulle bli erstatta med ord frå ordlistene. - - - Og for oss i Nord-Gudbrandsdalen som framleis held i hevd dei gamle, norrøne jamvektssorda med 2 stutte, trykksterke stavingar, korleis skal vi takle dette? Eg kan nemne i fleng fleire slike jamvektssord som kan inngå i stadnamna våre: Hågå, bågá, háká, návár, stægá. Vi må forandre fonetikken vår om vi skal begynne å bruke *-hage*. Kva med einstavingsorda lamb og kamb. B'n er estetisk naudsynt for vågámålet mitt!

Om eg skulle ta dette alvorleg, ville det bety det same som full rasering av vågámålet, og det kan da ikkje vera meininga?

~~Eg må ha misforstått dette, - - - men eg må finne ei anna formulering som blir som vilja:~~

Så nokre ord om § 2, bokstav d) og § 4, 2. leddet.

De skriv at nedervde stadnamn, at det også gjeld skriftleg overleverte namn frå tidlegare generasjonar, og at ein ved namngjeving kanskje bør ta meir omsyn til skrift-tradisjonen.

I utgangspunktet mobiliserte eg all godvilje for å sjå om eg fann noko godt eksempel på det. Jau da, det finst, for det hendar somme gonger at skriftlege former fell saman med den munnlege forma. Men for svært mange namn er det ikkje samsvar, og svært mange skriftformer er forvrengingar av den opphavlege, nedervde, munnlege forma. Å gje desse namneformene offisiell status, vi bety det same som å øydeleggje namneskatten vår. Og nå må eg får lov å ta opp att noko vi skreiv i høyrings-skrivet frå Orkdal kommune 2001:

I Heidersskrift for Marius Hægstad, 1925, står det ein artikkel av sambygdingen min, Ivar Kleiven frå Vågá. Han skriv at etter Reformasjonen vart både rettstellet og kyrkjestellet her i Noreg befolka med danskar, det galdt både over- og underordna stillingar. Dei siste som hadde lært seg skrivekonsta, men som p.g.a. ymse lyte ikkje hadde fått seg arbeid i Danmark. Dei fleste låg under for fyll, medan andre hadde karaktermessige og psykiske lyte som gjorde dei uskikka. Men dei var gode nok for Noreg og nordmennene.

Dei tok med seg dansken sin og greidde seg langt med det. Men dei fekk også bruk for å bokstavere norske ord som for eksempel gardsnamn og andre stadnamn, men det vart på ymse vis. I dag vil vi kalle det maltraktering av namneskatten vår, men den gongen måtte ein berre godta det. Men det er desse påfunna av dei danske skrivekarane som seinare har festa

seg som ei skriftleg form og som slektsnamn for mange familiar. Det er desse meir og mindre pussige påfunne til desse danske skrivekarane de nå vil gje status som nedervde namn! - - På ein måte er det vel det, for mange av namna er fleire hundre år gamle, men er det rett å framheve dette arvegodset frå den mest ynkelege tida i saga vår? I alle fall er det desse skriftlege leivningane som meir enn noko anna trugar dei nedervde stadnamna våre.

Så er det framlegg om å ta i bruk likestilte namneformer, og i den lange innleiinga av dokumentet, er det nemnt eitt døme, Majorastua og Majorstuen. - - - Eg stiller meg open for dette, og eg har eit målande eksempel: I alle grendene i Midtre Gauldal kommune, har g-lyden vorte til ein v-lyd, for eksempel har haggå vorte til håvvå osv.. Tunnellen mellom denne kommunen og Melhus kommune har fått det offisielle namnet Hågåtunellen. Men synnafor tunnelen seier dei Håvvåtunellen, og det bør også få offisiell status.

Men eg er sterk motstandar av at Majorstuen skal få offisiell status. På korrekt Oslo-mål heiter det Majorstua, og da eg budde i Oslo for 50 år sidan, var det den einaste naturlege omtaleforma. Majorstuen er ei skrivebordsform, ein rest av det gamle dansk-norske skriftmålet som hadde felleskjønn som einaste tillatte form (fram til 1917). Det kanskje viktigaste adelsmerket i det norske språket er at vi har 3 genera. Eg er sjølv sagt klar over at det mest konservative eller reaksjonære såkalla bokmålet som vi nå finn i læreboknormalen, i offentleg administrasjon og i dei fleste avisene, er eit temmeleg reint 2-kjønns-språk, men det blir ikkje meir norsk for det! Eg meiner vi har full rett til å krevje at norske stadnamn må byggje på norske språkmerke!

Så lite grann om § 10,1.leddet:

Her blir klageretten reservert for bokstav a) og b) i § 5, ikkje for bokstav c) eller for andre som kan kjenne seg kalla. Dette oppfattar i alle fall eg som ei fiendtleg handling - - for å setja ein stoppar for meg og for andre som vil verne om namneskatten vår.

Det som er det verkelege problemet nå i dag er at Lov av 18.mai 1990 nr. 11 om stadnamn ikkje gjev godt nok vern av stadnamna våre. Atter eit eksempel:

Føling er gards-, grende og kyrkjenamn i gamle Kvam herad, nå Steinkjer kommune. Der vart namnet endra til Følling.

L-lyden i namnet er kakuminal, opphavet er stutt norrøn l, og det er elementært at det skal skrivast med enkelt l-teikn.


Dette er det grovaste eksempel på brot av ånd og bokstav i stadnamnlova, men det har vore uråd å få retta på!

Lova skulle derfor ha vore skjerpa på mange område, om ho skulle gje godt nok vern. I alle fall burde bokstav c) ha kome med også denne gongen. Eg gjer også framlegg om at ein overordna instans må ha ankerrett, for m.a. for å hindre slike uheldige mistak som nemnt ovanfor.

Ja, eg er trist, og eg undrast: Kva er grunnen? Både lovmakarane for denne nye lova og eg veit at både dei 2 kongelege resolusjonane og stadnamnlova av 1990, har vore eit torn i auga for

~~dei som har fått lov til å bruke dei gamle namnesakene, - - for å ta bort det nedervde namnet og for å få erstatta det med unorske former. Har desse gruppene nå vorte så sterke at dei kan øve eit utilbørleg press på lovmakarane? Det er påfallande, synest eg, at høyringsnotata er sende til dei 3 mest aggressive dansk-norsk institusjonane, men berre til Noregs mållag når det gjeld den andre fronten. Kva med Nynorsklaget, Austmannlaget og Trønderlaget, - - hadde det ikkje vore like naturleg å innkludere dei?~~

Med helsing



Kopi: Namnekonulent-tenesta i Midt-Noreg.